



Eva Halstensen
Ievegen 186
5917 ROSSLAND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/15138 - 20/55773

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggskokumentasjon - gbnr 349/15 lo

Tiltak: Fasadeendring, tilbygg til bustad
Byggjestad: Gbnr: 349/15
Tiltakshavar: Jan Mittet
Ansvarleg søkjar: Jan Mittet

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.08.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bustad er registrert med slamavskiljar på 2 m³. Dette er for lite ihht dagens krav etter forureiningslova. Tilbygget går delvis på utviding av bad og etablering av vaskerom. Det må sendast inn søknad om utviding av utslepp frå 2 m³ til 4 m³.
2. Tiltakshavar kan søke om utsleppsløyve til avdeling for Miljø og tilsyn sjølv, medan montering av slamavskiljar på 4 m³ må røyrleggjar søke om med gjennomføringsplan, erklæring om ansvarsrett og leidningskart.

Det er opplyst at tilbygget går over 1 etasje og har bygd areal på 8 m². Vi konkluderer utifrå vedlagte planteikningar at bruksareal er på ca. 17 m².

Kommunen ber om at tilleggskinformasjon vert sendt inn samla innan **08.10.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Halstensen
Jan Mittet

levegen 186
levegen 186

5917 ROSSLAND
5917 ROSSLAND